

A photograph of three people using outdoor exercise equipment in a forest. A woman in a grey long-sleeved shirt and dark pants is on the left, smiling and looking down. A woman in a pink and white striped long-sleeved shirt and red pants is in the center, sitting on a yellow and black exercise bike and smiling broadly. A man in a blue puffer jacket is on the right, leaning over the bike. The background is a lush green forest. There are several semi-transparent circular overlays on the left and right sides of the image.

ÅRSRAPPORT 2017

— Mangfold, motivasjon og meistring —



Rehabiliteringssenter



STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2017 hatt
6 medlemmer:

Børre Jacobsen, Styreleiar
Ellen Marie Njøs Lillesvangstu, Styremedlem
Bjørn Lied Tønnesen, Styremedlem
Aud Viken, Styremedlem
Aage Ness, Styremedlem (repr. for tilsette)
Ida Cecilie Systad, Styremedlem (repr. for tilsette)

Vara:

- Jofred Åsnes
- May Aasebø Hauken
- Kristina Strømmen
(vararepr. for tilsette)

Brukarutvalet

Brukarutvalet har i 2017 hatt fire medlem.

- Ivar Halland, leiar
Hørselshemmedes Lands-
forbund, Sogn og Fjordane
- Øystein Ryningen
Norsk Revmatikerforbund
Sogn og Fjordane
- Kari Ann Holme
MS Forbundet,
Sogn og Fjordane
- Turid Berge Vereide,
Brystkreftforeningen,
Sogn og Fjordane

Vara:

- Synnøve S. Engen
Hørselshemmedes Lands-
forbund, Sogn og Fjordane
- Hjørdis Åsnes
Norsk Revmatikerforbund,
Sogn og Fjordane
- Stein Magne Aksnes
Kreftforeningen, Hordaland

HELING FRÅ STYRELEIAR



Styreleiar: Børre Jacobsen
Foto: Privat

Eigedomen Haugland vart teke over av Sogn og Fjordane Røde Kors ved testamenten etter overrettssakfører Christian Bekker, den 31. januar 1980. Den ligg vakert til innerst i Flekkefjorden, i Fjaler kommune. På eigedomen er det no bygt Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Røde Kors Nordic United World College (RKNUWC).

På den tid var tilbod om rekonvalesens og rehabilitering så godt som fråverande i vår del av landet. Det vart derfor sett i gang arbeid for å prøve å få eit slikt tilbod på Haugland. Det vart laga ei omfattande prosjektutgreiing som fekk namnet Haugland Helsesports-senter. Denne la grunnlaget for søknad om eit slikt senter på Vestlandet.

Den 24.oktober 1992 opna HM Kong Harald Haugland Helsesportssenter.

Sogn og Fjordane Røde Kors har mange å takke for at senteret kom på plass. Lions si medverknad har vore særskild viktig. Lions Røde Fjær aksjon tilførte prosjektet nær 20 mill. kr.

Dei første driftsåra skulle vise seg å verte svært krevjande, både for eigar og tilsette på senteret. Sjølv om økonomien var svært vanskeleg, så vart senteret drive med høg fagleg kompetanse. I ettertid har dette vist seg å vere riktig strategi. I dag har Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter høgt belegg og ein solid økonomi.

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering. Det har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og rehabilitering innan "Raskare tilbake" ordning. Rehabiliteringssenteret har også eit nært samarbeid med den vidaregåande skulen, UWC Røde Kors Nordisk. På skulen er der 200 elevar frå 90 land som har frivillig humanitært arbeid som viktig del av utdanninga.

Rehabiliteringssenteret er ein framtidsretta 25 åring. Senteret er opptatt av å kunne tilby rehabilitering av høgste kvalitet til grupper og einskild-personar, også til dei som manglar eit slikt tilbod. Vi arbeider målretta med å få på plass eit Nasjonalt Helsesportsenter for Sjøaktivitetar. Naturen på Haugland er som skapt for eit slikt senter.

Styret er særskild nøgd med arbeidet dei tilsette utfører på senteret. Tilbakemeldingane frå brukarane viser at senteret leverer tenester av svært høg kvalitet.

Børre Jacobsen
Styreleiar

MØTER FRAMTIDA MED KUNNSKAP OG KOMPETANSE

Det var med stor stoltheit vi i haust feira vårt 25 årsjubileum. Senteret har utvikla seg til å bli ein solid institusjon innan spesialisert rehabilitering. Med meir enn 80 tilsette er vi blitt ein særskild viktig arbeidsplass i Fjaler kommune. Vår avtale med Helse Vest RHF har gitt oss rammer som gjer det mogleg å bygge opp ein brei tverrfagleg stab med spesial kompetanse. For at vi også vidare framover skal kunne oppretthalde fagleg gode tilbod til våre pasientar er det viktig med god forutsigbarheit. Det håper vi på nå når raskare tilbake avtala går ut og det skal etablerast tilbod innan arbeidsretta behandling.

Det er mange som har lagt ned mykje innsats for at senteret har utvikla seg til det som det er i dag. Røde Kors, Lions med sin Røde Fjær aksjon i 1987, Fjaler kommune og både tidlegare og noverande styreleiarar og styremedlem. Magne Bjergene har ikkje berre vore ein viktig person for utviklinga av rehabiliteringssenteret, men også for utviklinga av heile Hauglandsmiljøet. I dag har Haugland eit unikt interna-

sjonalt miljø med både pedagogisk, integrerings-, helse- og forskingskompetanse.

At rehabiliteringssenteret har fått den posisjonen vi har innan rehabiliteringsfeltet i dag, skuldast systematisk arbeid med å utvikle høg fagkompetanse. Overlege og spesialist i fysisk medisin og rehabilitering, Eirik Fismen, har vore sentral i den faglege utviklinga og ei drivkraft for å utvikle senteret i tråd med helsesportsideologien. Nå når han er i ferd med å trappe ned, er vi glad for å ha mange som kan føre denne tradisjonen vidare. Den grunnleggande tanken om menneske sine ibuande ressursar og trua på at ein kan få til mykje «til tross for» står sentralt. Det ser vi i det daglege arbeidet med pasientane, når nye steg blir tatt og barrierar blir brotne.

Vår nye satsing på tilbod til barn og unge og ikkje minst ambisjonen om å etablere eit nasjonalt helsesportssenter for sjøaktivitetar, viser at vi er ein 25 åring som ser optimistisk på framtida. Vi vil fortsette med å gje tilbod



Administrerende direktør: Inger Johanne Osland
Foto: Ragnhild Follevåg

om spesialisert rehabilitering til dei som trenger det aller mest. Den kompetansen som over 25 år er bygd opp ved institusjonen, ser vi at samfunnet vil ha bruk for også framover. Samstundes vil vi vidareutvikle senteret til også å kunne ta på oss nye oppgåver. Det er på sin plass å gratulere både eigar, styret og tilsette med jubileet. Vi er ein solid institusjon som tilbyr tenester med høg kvalitet. Det skal vi også gjere i framtida.

Inger Johanne Osland
Administrerende Direktør

INKLUDERING OG DELTAKING

Det var ei stor ære å igjen få ta imot Hennar Majestet Dronning Sonja her på Haugland. HM Dronning Sonja er UWC Red Cross Nordic sin høge beskyttar og er ein viktig støttespelar for institusjonane på Haugland. Temaet for besøket dette året var inkludering, og vi hadde fokus både på inkludering generelt og inkludering og deltaking for personar med funksjonsnedsettingar.

HM Dronning Sonja fekk orientering om satsinga vår på aktivitetshjelpemiddel og korleis aktivitetshjelpemiddel kan

vere eit hjelpemiddel for å auke deltaking for personar med funksjonsnedsetting. I rehabiliteringa vår er auka deltaking ei viktig målsetting. Dette gjeld deltaking i arbeidsliv, men også deltaking på fritida. Spesialtilpassa sykklar, rullestolar mm. gjer det mogleg for fleire å kunne delta i idrett- og friluftslivsaktivitetar. Viktige hjelpemiddel for å fremja inkludering.

Under besøket fekk HM Dronning Sonja både møte pasientar ved senteret og skuleborn frå vår lokale skule.



Foto: Linda Meier

REHABILITERING AV BARN MED KREFT

I samarbeid med barneavdelinga på Haukeland universitetssjukehus gjennomførte vi i november eit rehabiliteringstilbod for barn som har gått gjennom behandling for hjernesvulst. Dette som ein del av senteret si satsing på å utvikle tilbod også til barn. Prosjektet vart organisert som eit gruppeopphald der 8 barn/ungdommar fekk tilbod om å delta på rehabilitering saman med ein pårørende. Deltakarane var mellom 9 og 17 år og var rekruttert via Haukeland universitetssjukehus. Opphaldet gjekk over to veker og hadde som mål å auke meistring og betre fysisk, sosial og kognitiv funksjon. I tillegg til opplegg for barna, var det utarbeida eit opplegg for pårørende som

blant anna innehaldt undervisning om seineffektar etter kreftbehandling, fatigue og fysisk aktivitet/trening samt introduksjon til kognitiv terapi.

Prosjektet blei evaluert med spørreskjema til deltakarane og også med telefonintervju med pårørende etter avslutta opphald. Barna/ungdommane var svært godt nøgde med opphaldet. Det var varierte aktivitetar og noko som passa for alle. Ein del opplevde at det til tider var vel mykje å delta på og måtte avgrense deltakinga ut i frå dagsforma. Det var spesielt gledeleg at så mange av deltakarane ga tilbakemelding om at undervisninga/ leksehjelpe dei fekk



Foto: Privat

under opphaldet var gjevande. Samarbeidet med Dale Vidaregåande skule var svært viktig for skuletilbodet og noko vi håper kan halde fram også når vi i framtida skal ha nye barnegrupper.

Vi var også heldige og fekk seks studentar frå UWC som deltok som frivillige saman med deltakarane på ettermiddag/kveldstid. Det å møte ungdom frå andre deler av verda var svært populært i gruppa. Her fekk ein utfordre både engelskkunnskapen og kreativiteten sin.

I telefonintervjuet med pårørende vart det spesielt understreka at dette var eit tilbod som både borna og foreldra hadde behov for. Hjå nokre var barna spesielt motivert til å kome på rehabilitering, mens hjå andre var det fyrst og fremst foreldra som opplevde at dette var noko dei hadde behov for.

Heile familien blir råka og får seineffekt når eit barn går gjennom behandling for hjernesvulst.

Foreldra trakk fram viktigheita av å ha lystbetonte aktiviteter som fremjar meistring på eige nivå samt det at barna kunne dele erfaringar med kvarandre som svært viktig. Det at barna også fekk introduksjon til kognitiv terapi (psykologisk førstehjelp for barn), var det mange som meinte var nyttig. Kognitiv terapi var også noko dei pårørende fekk tilbod om. Fleire hadde fått tilbod om dette tidlegare, men opplevde at det var nyttig med påfyll. Ein av dei pårørende trakk fram det å kunne møtast i gamma som ei positiv oppleving. «Det trur eg kom litt overraskande på meg, at det skulle vere akkurat det eg trengte. Ei gamme».

Det er svært positivt at Haukeland universitetssjukehus ved overlege Wojcik

tok initiativ til dette prosjektet. Eit slikt tilbod har vore sakna og vart sett stor pris på av både deltakarane sjølv og deira pårørende. Vi har fått erfaringar og gode tilbakemeldingar som vi tek med oss i vårt vidare arbeid med å utvikle tilbod til barn.




Foto: Privat

EIN VAKSEN 25- ÅRING



Foto: Linda Meier

24. oktober var det 25 år sidan senteret blei opna som «Helsesportssenteret på Vestlandet». Mykje har skjedd sidan den gong, med omsyn til både økonomi, tilbod og nye krav til kompetanse.

Som 25 åring kan ein sei at ein både har kome over barne-sjukdommane og klart å takle dei utfordringane som ein har møtt. I dag framstår senteret som ein solid, høgt anerkjent institusjon innan spesialisert rehabilitering. Senteret har ein sentral posisjon nasjonalt og eit svært godt samarbeid med Helse Vest regionale helseforetak. Senteret har i dag ein brei samansett tverrfagleg stab med høg kompetanse. Samarbeidet med sjukehusa både i Helse Bergen og Helse Førde er viktig med tanke på kompetanseutvikling hjå oss. Ikkje minst er vi glad for samarbeidet med Helse Førde på pasientundervisning og samarbeidet med St. Olavs hospital, Helse Bergen og Helse Førde rundt undervisning for leger og anna helsepersonell.

Dagen blei feira saman med pasientar, tilsette, styret, eigarar og andre støttespelarar. Vi starta med foredrag av Marco Elsafadi i auditoriet på UWC der vi fekk høyre om hans oppvekst, idrettskarriere og ikkje minst korleis han kom seg tilbake etter alvorleg sjukdom. Foredraget var engasjerande, inspirerande og motiverte kvar og ein av oss som var til stades til å tenke gjennom kva som er viktig i våre liv.

Han snakka om relasjon mellom menneske og involverte både pasientar og tilsette i refleksjonane rundt temaet.

Etter foredraget var det invitert til festmiddag med talar og musikkinnslag. Dette var også eit godt høve å få heidra tilsette for lang og tru teneste. Denne gongen var det seks av dei tilsette som fekk særskilt merksemd. To av våre medarbeidarar, Sollaug Rennestraum og Odd Jarstad, har vore med heilt sidan etableringa av Hauglandssenteret i 1985/1986. Begge vart med til rehabiliteringssenteret då vi opna i 1992 og er framleis i full aktivitet. Johanna Myklebust, Esther Alisøy og Karin Johansson vart heidra for hhv 25, 20 og 20 år.

Kari Fismen som har vore tilsett sidan 1994 og som gjekk av med pensjon november 2017, vart også heidra under middagen. Ho har som leiande fysioterapeut vore sentral for utviklinga av fagtilbodet på senteret. Ikkje minst har hennar engasjement for kreftrehabilitering vore viktig for utviklinga vår. Dei seinare åra har ho drifta lymfødempoliklinikken vi har på senteret.

Gode medarbeidarar som alle har lagt ned stor innsats for senteret.

LANDSDEKKANDE SAMLING FOR NAV HJELPEMIDDELSENTRALAR

23.-24. august arrangerte vi i samarbeid med NAV hjelpemiddelsentral i Sogn og Fjordane, ei stor samling om aktivitetshjelpemiddel for alle hjelpemiddelsentralane i Norge. Hovudfokuset var aktivitetshjelpemiddel for barmark, sjø og vatn. Samlinga var er ein del av prosjektet Delta 2022 (sjå neste side) og det var fyrste gong vi arrangerte ei slik samling her på Haugland.

På samlinga møtte i tillegg til representantar frå dei fleste hjelpemiddelsentralane i Norge, også representantar frå Delta 2022 prosjektet og fleire ulike leverandørar av aktivitetshjelpemiddel. Hovudaktiviteten var presentasjon og utprøving av ulike aktivitetshjelpemiddel, men deltakarane

fekk også delta på eit lite seminar der blant anna brukarar fortalte om sine erfaringar med aktivitetshjelpemiddel. Sidan vi her på Haugland er så heldig å ha fjorden så nært på oss, vart det naturleg å ha eit ekstra fokus på tilrettelegging av aktivitetar på sjøen. Deltakarane fekk prøve ut tilpassa kajakkar og ikkje minst prøve seg på sittande vannski. Ein fartsfylt aktivitet som mange nok vil ha stor glede av å få prøve seg på.

Det at vi fekk besøk av representantar både frå Norges padleforbund og Norges seilforbund vart sett stor pris på. Dette vil vere viktige samarbeidspartar for vidareutvikling av senteret som eit nasjonalt senter for sjøaktivitetar.



Foto: Linda Meier

STOR SATSING PÅ AKTIVITETSHJELPEMIDDEL



Foto: Linda Meier

«Delta – 2022» er eit nasjonalt forskings- og utviklingsprosjekt der bruk av tilpassa fysisk aktivitet, e-helse-løysingar og aktivitetshjelpemiddel i rehabilitering for barn, ungdom og vaksne skal optimaliserast. Prosjektet er eit samarbeid mellom Beitostølen Helsesportssenter, Valnesfjord Helsesportssenter, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Nasjonal Kompetanseteneste for barn og unge med funksjonsnedsettingar. Prosjektet vart støtta av Stiftinga Sophies Minde med heile 3,1 millionar kroner i 2017. Det er eit felles overordna mål at prosjektet skal bidra til betydeleg auke av personar som nyttiggjer seg av og opplever glede ved hensiktsmessige og godt tilpassa aktivitetshjelpemiddel.

Desse institusjonane har i sum nasjonalt leiande erfaring og kompetanse innan tilpassa fysisk aktivitet og aktivitetshjelpemiddel. Dei tildelte midlane skal brukast til å vidareutvikle den felles faglege plattformen og til etablering av heilheitleg og likeverdig praksis for innkjøp, tilpassing og opplæring i bruk av aktivitetshjelpemiddel. Utvikling av ny kompetanse står sentralt, saman med aktiv brukarmedverknad og samhandling med kommunar, habiliteringseiningar og koordinatorar både i kommune- og spesialisthelsetenesta.

I august var prosjektmedarbeidarane frå alle samarbeidsinstitusjonane samla på Haugland. Overskrifta på denne samlinga var fjord og sjø, og

vi fekk saman testa ut ulikt utstyr på fjorden. Heilt nytt for dei fleste var sitte-vannski. Fysioterapeutar, ergoterapeutar og idrettspedagogar prøvde ut utstyret og skaffa seg erfaringar som er gode å ha når ein skal introdusere aktiviteten for brukarane.

Samlinga vart også nytta til erfaringsutvekslingar og deling av kunnskap. Det er både motiverande og lærerikt å kunne ha eit tett samarbeid mellom dei ulike profesjonane ved helsesportssentra. Støtta frå Stiftinga Sophies Minde gjer det mogleg for institusjonane å kunne utvikle dette samarbeidet.

Samlinga nede ved Naustet var hyggeleg og stemningsfull.



«DET ER BÅDE
MOTIVERANDE OG
LÆRERIKT Å KUNNE HA
EIT TETT SAMARBEID
MELLOM DEI ULIKE
PROFESJONANE VED
HELSESPORTSENTRA»



Foto: Linda Meier

Med tema «Fjord og sjø» var det sjølsagt sjømat som stod på menyen om kvelden. Senteret sine kokkar diska opp med havets delikatesser.

UTDANNINGSINSTITUSJON

I 2017 HAR VI HATT STUDENTAR FRÅ FØLGJANDE SKULAR:

- Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen, avdeling for fysioterapi
- Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen, avdeling for ergoterapi
- Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, avdeling for sjukepleie
- Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, avdeling for idrett og friluftsliv

Vi har også hatt turnuskandidatar i fysioterapi frå:

- Høgskulen på Vestlandet, Campus Bergen
- Saxion University of Applied Sciences, Nederland

Senteret er godkjent som utdanningsinstitusjon gruppe II for leger i spesialisering innan fysikalsk medisin og rehabilitering. I 2017 har Ruhina Biswas og Malgorzata Tveit vore tilsett i utdanningsstilling.

Vi er også etterspurt som praksisplass for studentar innan fleire utdanningar. Dei fleste studentane kjem i frå ulike helsefagutdanningar, men også dei som studerer idrett eller friluftsliv er i praksis ved institusjonen.

Vi har stor glede av å ha studentar her hjå oss og opplever også at studentane er nyfikne og interesserte i å lære mest mogleg mens dei er her. Vi håper at praksisperioden motiverer dei til å jobbe med rehabilitering etter endt utdanning.

NETTVERKSARBEID

VI HAR I 2017 VORE REPRESENTERT I:

- Nasjonalt nettverk for kreftrehabilitering
- Nasjonalt nettverk for arbeidsretta rehabilitering
- Nettverk for nevrologi, Sogn og Fjordane
- Ressursnettverk for sjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling, Sogn og Fjordane
- Referansegruppe for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Programnemnd for regional forskingskonferanse for rehabilitering
- Nasjonalt nettverk for ute-rehabilitering
- Nettverk for helsesportssentre



Foto: Linda Meier

TILBOD

Rehabiliteringstilbudet ved senteret bygger i stor grad på prinsippa innan helsesport. Bruk av tilpassa fysisk aktivitet, friluftsliv i kombinasjon med ulike psyko-edukative metodar er hovudintervensjonane. Vi har eit stort fokus på den enkelte sine ressursar og korleis motivere til sjølv å vere aktiv i eigen rehabiliteringsprosess. Vi tilbyr i hovudsak døgnopphald, men har også eit dagtilbod for dei pasientar dette kan passe for. Vi har god søkning til døgnopphalda og har i 2017 hatt ei gjennomsnittleg ventetid på 58 dagar. Pasientane blir tilvist frå fastleger eller via spesialisthesetenesta. Kring 65 % av pasientane var 2017 tilvist frå fastleger.

Tilboda våre er individuelt tilpassa den enkelte sitt funksjonsnivå og målsetting for opphaldet. Dette er uavhengig av om ein deltek på eit individuelt eller gruppebasert opplegg. Opphaldslengda er i hovudsak tre veker, men lengda blir tilpassa den enkelte sine behov. For ein del pasientar er rehabiliteringa starten av ein større endringsprosess. Nokre har difor behov for oppfølging over tid og kan få tilbod om re-opphald ved institusjonen. I 2017 var det i underkant av 7 % våre pasientar som var på re-opphald.

VI GAV I 2017 TILBOD TIL FØLGANDE PASIENTGRUPPER:

- Pasientar med følgetilstander etter kreftdiagnose
- Pasientar med nevrologiske lidningar
- Pasientar med muskelskjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidningar
- Pasientar med tinnitus eller menière
- Pasientar med sjukeleg overvekt
- Pasientar med hjerneslag
- Pasientar med traumatisk hjerneskade

Vi hadde også eit tilbod innan raskare tilbake ordninga. Dette var eit diagnoseuavhengig tilbod der tilbakeføring til arbeid/utdanning var hovudmålsetting for opphaldet. Dei største diagnosegruppene på dette tilbodet var pasientar med muskelskjelett- smertelidningar og lettare psykiske lidningar.

KOMPETANSEUTVIKLING

Senteret har som mål å levere samfunnsnyttige, kunnskapsbaserte rehabiliteringstenester av høg fagleg standard. Senteret sin kompetanseplan skal reflektere dette og også vere ein plan for deling av kunnskap og kontinuerleg forbe-tring av tenestene.

SATSINGSOMRÅDER FOR KOMPETANSEUTVIKLING 2017 VAR:

- Arbeidsretta rehabilitering (ARR)
- Rehabilitering/habilitering barn og unge
- Forskingskompetanse
- Helsesport/ aktivitetshjelpemiddel
- Kreft
- Nevrologi

UTADRETTA AKTIVITET

Tilsette ved senteret bidreg med foredrag og innlegg ved eksterne fagdagar, på seminar og konferansar. I 2017 har vi haldt foredrag på Helse Førde sine lærings-og meistringskurs for tinnitus, diabetes, livsstils- endring og kreft. I tillegg har vi vore representert med innlegg på fleire nasjonale konferansar og også vore vertskap for fleire konferansar og samlingar på senteret.

Vi set stor pris på å få besøk av kollegaer frå andre institusjonar/kommunar. I år har vi hatt ulike profesjonar på hospiteringsbesøk både frå Helse Førde, Helse Bergen, Gloppen og Solund kommune og fleire rehabiliteringsinstitusjonar. Tema som har gått igjen på hospiteringsopp-halda er; nevrologi, kreft og arbeidsretta rehabilitering.

DRIFSAVTALAR

Senteret har i 2017 hatt driftsavgtale med Helse Vest om levering av rehabiliteringstenester. Avgtale omfattar to delavgtalar; avgtale om spesialisert rehabilitering og avgtale innan raskare tilbake- ordninga.

AVTALE OM SPESIALISERT REHABILITERING

Avgtale omfattar totalt 59 plassar, og av dette er om lag fire plassar knytt til dagtilbod. Innanfor denne ramma skal følgjande pasientgrupper prioriterast:

- Pasientar med følgjetilstander etter kreftsjukdom
- Pasientar med nevrologisk sjukdom
- Pasientar med muskel-/skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar
- Pasientar med tinnitus/ menières
- Pasientar med hjerneslag
- Pasientar med traumatisk hovudskade
- Pasientar med sjukleg overvekt

I 2017 hadde vi eit gjennomsnitt belegg på 58 pasientar på spesialisert rehabilitering.

AVTALE INNANFOR RASKARE TILBAKE ORDNINGA

Avgtale omfattar 11 plassar inkl. ein dagplass. Avgtale vart forlenga frå 01.01.17 til 31.12.17. I 2017 hadde vi eit gjennomsnitt belegg på 12 pasientar på raskare tilbake avgtala.


DRIFTSTILSKOT TIL LYMFØDEMPOLIKLINIKK

Senteret har også i 2017 hatt avgtale med Fjaler og Askvoll kommune om 20 % driftstilskot til fysioterapeut for å drive lymfødempoliklinikk. Tilbodet gjeld komplett fysikalsk lymfødembehandling (KFL), samt rettleiing etter kreftbehandling. Poliklinikken gjev tilbod til pasientar som ikkje er innlagt ved senteret, i tillegg til undervisning og lymfødempvurderingar/behandling til inneliggande pasientar.

Poliklinikken gir rettleiing til fysioterapeutar i kommunehelsetenesta i fleire kommunar som har pasientar med lymfødempromblematikk.


DIAGNOSEFORDELING

■ Svulstar	6 %
■ Nevrologi	18 %
■ Muskel skjelett-, bindevev-, revmatiske- og smertelidingar	48 %
■ Tinnitus	2 %
■ Sjukleg overvekt	6%
■ Hjerneslag	3%
■ Traumatisk hjerneskade	1%
■ Andre diagnoser	16%



18 % av pasientane har delteke på arbeidsretta rehabilitering, eit diagnoseuavhengig tilbod under raskare tilbake avgtala.

PASIENTSAMANSETTING




I 2017 var fordeling av kjønn på pasientar



65 % KVINNER / 35% MENN

Kommunane med flest pasientar var Bergen, Askøy, Fjell, Flora og Førde.

Aldersfordelinga på pasientar:



Lindås	34	Høyanger	17
Voss	28	Stryn	16
Stavanger	26	Årdal	15
Os	26	Haugesund	15
Meland	22	Sandnes	15
Kvinnherad	21	Selje	15
Vaksdal	21	Eid	15
Sogndal	19	Karmøy	14
Vågsøy	18	Sund	13
Gloppen	18		
Kvam	18	Øvrige	437


1309 PASIENTAR FRÅ TOTALT

85 KOMMUNAR HAR VORE HER PÅ REHABILITERING I 2017


BRUKAREVALUERING

Senteret gjennomfører systematisk måling av brukertilfredsheit både kvalitativt og ved elektronisk spørjeundersøking. Spørjeundersøkinga består av 39 spørsmål med gradering frå 1 til 5, der 5 er beste scor. Vi nådde ein gjennomsnitt scor på 4 (1 stor grad). 77 av pasientane svara på spørjeundersøkinga.


ER DU FORNØGD MED LENGDA PÅ OPPHALDET?




HAR DU TILLIT TIL AT BEHANDLARANE VAR FAGLEG DYKTIGE?




VAR DU FORNØGD MED TIMEPLANEN FOR AKTIVITETANE DINE UNDER OPPHALDET?




ALT I ALT, KOR FORNØGD ER DU MED UNDERVISNINGSTILBODET DU FEKK PÅ REHABILITERINGSINTITUSJONEN?




ALT I ALT, KOR FORNØGD ER DU MED TILBODET DU FEKK PÅ REHABILITERINGSINTITUSJONEN?




ALT I ALT, KOR FORNØGD ER DU MED DIN EGEN INNSATS UNDER OPPHALDET?




KVA UTBYTTE HAR DU HATT, ALT I ALT AV REHABILITERINGSOPPHALDET?



KVA UTBYTTE HAR DU HATT AV OPPHALDET I FORHOLD TIL DI FYSISKE HELSE?




KVA UTBYTTE HAR DU HATT AV OPPHALDET I FORHOLD TIL DI PSYKISKE HELSE?



RESULTATMÅL

SUBJEKTIV VURDERING AV ENDRING

Ved hjelp av eit enkelt skjema, vurderer pasientane opplevd endring etter rehabiliteringsopphaldet. 86% av pasientane oppgjer betring etter behandling. 10 % seier det tilstanden er uforandra, medan 4 % opplever forverring.




ARBEIDSRETTA REHABILITERING

18 % av pasientane deltok på eit arbeidsretta rehabiliteringsopphald der hovudmålet var tilbakeføring til arbeid.

Ved ankomst var 83 % av pasientane heilt eller delvis sjukemeldt, medan 17 % ikkje hadde sjukemelding. Ved måling etter 6 månader, var talet redusert til 45 % som var heilt eller delvis sjukemeldt, medan 55 % no var friskmeldt.

■ Ankomst ■ Etter 6 mnd


STATUS SJUKEMELDING FOR PASIENTAR SOM HAR VORE TIL ARBEIDSRETTA BEHANDLING V/ RKHR



Arbeidsdeltaking heilt eller delvis, har samla auka frå 57 % ved ankomst til 71 % etter 6 månader. Ved ankomst oppgav 29 % å vere heilt ute av arbeid (100 % sjukemeldt eller på AAP). Ved måling etter 6 månader var dette redusert til 9%.

■ Ankomst ■ Etter 6 mnd

ARBEIDSDELTAKING




ENDRING I PSYKISK HELSE

Det vart gjennomført test for depresjon, målt med BDI, både ved ankomst og avreise på 508 pasientar (38,8 % av pasientane i 2017). 7,9 % scora innanfor normalområdet ved ankomst. Ved avreise var dette auka til 40,2 %.

■ Ankomst ■ Avreise

BDI MÅLT VED ANKOMST OG AVREISE




Det vart gjennomført test for angst, målt med BAI, både ved ankomst og avreise på 514 pasientar (utgjør 39,3 % av pasientane i 2017). 36% scora innanfor normalområdet ved ankomst. Ved avreise var dette auka til 63,4 %.

Resultata viser signifikant endring i både angst og depresjon i løpet av opphaldet.

■ Ankomst ■ Avreise

BAI MÅLT VED ANKOMST OG AVREISE




LIEBOWITZ SOSIAL FOBI SYMPTOM SKALA:

I 2017 vart det målt sosial fobi med Liebowitz symptom skala på 153 av pasientane (11,6 %). Av desse hadde 93 (61 %) ein score på over 40, noko som indikerer sosial fobi.

Totalt 71 % av pasientane som var til rehabiliteringsopphald hos oss i 2017 scorer for sosial fobi.

LIEBOWITZ



ÅRSMELDING FOR 2017

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialiserte rehabiliteringstenester og rehabilitering innan «Raskare tilbake» ordninga. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2017 positivt med kr. 4 488 965,-. Bokført egenkapital er auka frå kr. 15 688 914 til kr. 20 177 879,-.

3. Framtidig utvikling

Aktivitet og drift har vore stabilt aukande over dei seinare åra. Alt tyder på at denne utviklinga vil halde fram. Sentralt i driftsgrunnlaget er hovudavtala med Helse Vest RHF som er gjeldande fram til 31.12.20. Denne avtala omfattar kring 75% av omsetninga i selskapet. Avtala med Helse Vest knytt til «Raskare tilbake» ordninga vert avvikla i 2018 og det er varsla nytt anbod i løpet av sommaren 2018. Selskapet avventar svar på søknad om skattefritak.

4. Framleis drift

Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades og dette er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

5. Finansiell risiko

Selskapet er i liten grad eksponert for finansiell risiko. Marknadsrisiko er beskjeden så lenge ein har driftsavtale med helseføretaket i regionen. Det same gjeld kredittisiko og likviditetsrisiko. Det er liten risiko for vesentlege tap på krav og selskapet har solid likviditet.

6. Arbeidsmiljø

Totalt sjukefråvær i 2017 var på 7,4 %. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

7. Likestilling og diskriminering

Tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret var 64. Gjennomsnittleg tal tilsette var 84 av dette var 22 menn og 62 kvinner. Selskapet sitt styre har 6 medlemmer. Tre menn og tre kvinner.

Selskapet praktiserer likestilling mellom kjønna og diskrimineringslova sine formål er oppfylte i det daglege. Styret har soleis ikkje funne det påkrevd å sette i verk spesielle tiltak på desse områda.

8. Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.

Førde, 09.april, 2018

The image shows a collection of handwritten signatures in blue ink, each followed by a printed name and title. The signatures are arranged in two columns. The first column contains three signatures: Borre Jacobsen (Styreleiar), Bjørn Lied Tønnesen (Medlem), and Ida C. Systad (Medlem). The second column contains three signatures: Aud Alice Viken (Medlem), Age Henry Ness (Medlem), and Ellen Marie Njos Lillevangstu (Medlem). Below these, there are two more signatures: Inger Johanne Bergstad Osland (Daglig leder) and another signature that is partially obscured.

Borre Jacobsen
Styreleiar

Aud Alice Viken
Medlem

Bjørn Lied Tønnesen
Medlem

Age Henry Ness
Medlem

Ellen Marie Njos Lillevangstu
Medlem

Ida C. Systad
Medlem

Inger Johanne Bergstad Osland
Daglig leder

Balanse

EIENDELER	Noter	2017	2016
Anleggsmidler Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	2 021 821	1 872 867
Sum immaterielle eiendeler		2 021 821	1 872 867
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	585 501	675 901
Maskiner og anlegg		412 800	53 700
Transportmidler		53 900	73 500
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	2 690 308	3 188 404
Sum varige driftsmidler		3 742 509	3 991 505
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andeler	6	748 590	645 469
Sum finansielle anleggsmidler		748 590	645 469
Sum anleggsmidler		6 512 921	6 509 841
Omløpsmidler			
Varer		285 809	257 370
Fordringer			
Kundefordringer		654 931	14 412
Andre kortsiktige fordringer	6	4 129 681	2 003 509
Sum fordringer		4 784 612	2 017 921
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	28 958 972	24 455 824
Sum omløpsmidler		34 029 393	26 731 115
SUM EIENDELER		40 542 314	33 240 956



	Noter	2017	2016
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital		2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital		2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		17 619 567	13 130 602
Sum opptjent egenkapital		17 619 567	13 130 602
Sum egenkapital	4	20 177 879	15 688 914
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	9	8 597 730	7 631 521
Sum avsetning for forpliktelser		8 597 730	7 631 521
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		10 879	19 736
Leverandørgjeld		2 467 017	1 518 507
Betalbar skatt	8	1 681 648	1 463 440
Skyldige offentlige avgifter		3 125 989	2 957 646
Annen kortsiktig gjeld		4 481 172	3 961 192
Sum kortsiktig gjeld		11 766 705	9 920 521
Sum gjeld		20 364 435	17 552 042
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		40 542 314	33 240 956

Resultat

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Noter	2017	2016
Driftsinntekter		72 061 018	70 378 261
Annen driftsinntekt		4 012 938	2 557 914
Leieinntekt	5	640 566	681 534
Sum driftsinntekter		76 714 523	73 617 709
Varekostnad		3 167 953	3 346 188
Lønnskostnad	2	45 465 693	43 737 638
Ordinær avskrivning	3	1 152 400	1 021 300
Annen driftskostnad	2,5	21 062 499	21 138 518
Sum driftskostnader		70 848 545	69 243 643
Driftsresultat		5 865 978	4 374 065
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		159 637	181 789
Annen rentekostnad		-3 957	-6 756
Netto finansresultat		155 680	175 033
Ordinært resultat før skattekostnad		6 021 658	4 549 098
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-1 532 693	-1 216 142
Ordinært resultat		4 488 965	3 332 956
ÅRSRESULTAT		4 488 965	3 332 956
Overføringer			
Overført til/-fra annen egenkapital		4 488 965	3 332 956
Sum overføringer		4 488 965	3 332 956

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS
Balanse pr. 31.desember

Førde, 09.april, 2018

 Birger Jacobsen Styreleder	 Aud Alice Viken Medlem
 Ida Cecilie Systad Medlem	 Age Henry Ness Medlem
 Ellen Marie Njøs Lillesvangstu Medlem	 Bjørn Ljød Tønnesen Medlem
 Inger Johanne Bergstad Osland Daglig leder	

Noter

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge.

GENERELLE INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRINGSPRINSIPPER

Regnskapet bygger på de lovbestemte regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til.

Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

HOVEDREGEL FOR VURDERING OG KLASIFISERING AV EIENDELER OG GJELD

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Note 2 – Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Lønnskostnad	2017	2016
Lønn	35 088 844	34 567 467
Folketrygdavgift	4 196 704	3 985 664
Pensjonskostnader	4 273 367	3 274 118
Endring i pensjonsforpliktelsene	966 209	1 822 575
Andre ytelser	940 569	87 813
Sum	45 465 693	43 737 638
Antall årsverk	64	64

Selskapet har i fra 2016 gått over fra å følge regnskapsreglene for små foretak til øvrige og må derfor balanseføre pensjonsforpliktelser, jf. note 9.

Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret
Lønn	940 692	212 661
Annen godtgjørelse	6 825	-
Ytelse til revisor, inkl. mva:	2017	2016
Revisjon	71 250	68 750
Teknisk regnskapsbistand og oppsett ligningspapir	10 875	10 000
Andre tjenester	28 750	29 813

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Inventar, utstyr, maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01	1 659 781	9 852 194	11 511 976
Tilganger	-	903 405	903 405
Avganger	-	-	-
Anskaffelseskost 31.12	1 659 781	10 755 599	12 415 380
Akk. avskrivninger 01.01	983 880	6 536 590	7 520 470
Årets avskrivninger	90 400	1 062 000	1 152 400
Akk. avskrivninger 31.12	1 074 280	7 598 590	8 672 870
Bokført verdi pr. 31.12	585 501	3 157 008	3 742 509
Økonomisk levetid	10 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital, aksjonærinformasjon og egenkapital

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser.

B-aksjene gir ikke stemmerett.

	Aksjonærene		Totalt antall aksjer
	SFRK Eigendom AS	SFRK Eigendom AS	
Antall	2 500 000	58 312	2 558 312
Klasse	A	B	
Pålydende	1	1	
Eierandel	97,7 %	2,3 %	100,0 %
Stemmeandel	100,0 %	0,0 %	100,0 %

Spesifikasjon av egenkapital	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 01.01.	2 558 312	13 130 602	15 688 914
Årets resultat		4 488 965	4 488 965
Egenkapital 31.12.	2 558 312	17 619 567	20 177 879

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS

En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 7 440 000

Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 160 000.

Noter

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Haugland Int. FOU Senter AS
Ansk. tidspunkt	08.06.1995
Forretningskontor	Fjaler
Eier/stemme andel	33,28 %
Egenkapital per 31.12.16	32 147
Resultat 2016	-173 947
Bokført	200 000

Mellomværende med morselskap, Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr 31.12	2017	2016
Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig fordring	620 000	0

Note 7 – Bankinnskudd, kontanter og lignende

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekksmidler med kr 1 598 591

Note 8 – Skattekostnad

Spesifikasjon av skattekostnad:	2017	2016
Betalbar skatt	1 681 648	1 463 440
Skatteeffekt av prinsippendring pensjonsforpliktelser	-	1 452 237
Endring i utsatt skatt	-148 954	-1 699 535
Skattekostnad	1 532 693	1 216 142

Avstemming skattekostnad	2017	2016
Årsresultat før skatt	6 021 658	4 549 098
Forventet inntektsskatt etter nominell skattesats (24%/25%)	1 445 198	1 137 275
Skatteeffekten av følgende poster:		
Permanente forskjeller	-410	830
Virkning av endringer i skatteregler og -satser	87 905	78 038
Andre poster	-	-
Skattekostnad	1 532 693	1 216 143

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2017	2016
Driftsmidler	-708 140	-584 313
Kundefordringer	515 340	412 219
Pensjonsforpliktelser	-8 597 730	-7 631 521
Netto utsatt skattefordel / -forpliktelse	-8 790 530	-7 803 615
Netto utsatt skattefordel (-) / forpliktelse i balansen (+)	-2 021 821	-1 872 867
Benyttet skattesats	23 %	24 %

Selskapet har søknad om skattefritak til behandling hos skattemyndighetene.

Note 9 – Pensjonskostnader, -midler og -forpliktelser

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven. Selskapet har en ytelsesbasert pensjonsordning for sine ansatte. Ytelsesbaserte ordninger gir rett til definerte fremtidige ytelser. Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene fra folketrygden. Forpliktelsene er fondert gjennom et forsikringsselskap. Pensjonsordningen medfører en regnskapsmessig forpliktelse som er balanseført i regnskapet. den balanseførte forpliktelsen inkluderer også avtalefestet pensjon (AFP).

	2017	2016
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	5 637 810	5 106 279
Rentekostnad av pensjonsforpliktelsen	837 706	731 193
Avkastning på pensjonsmidler/ aktuariel gevinst	-914 332	-610 899
Periodisert arbeidsgiveravgift	618 530	583 530
Administrasjonskostnad	242 168	278 431
Netto pensjonskostnad	6 421 882	6 088 534

Antall personer omfattet av ordningen	2017	2016
Aktive	92	78
Pensjonister	14	15
Totalt	106	93

Økonomiske forutsetninger (ytelsesbaserte ordninger)	2017	2016
Diskonteringsrente	2,40 %	2,60 %
Forventet lønnsregulering	2,50 %	2,50 %
Forventet pensjonsøkning	1,48 %	1,50 %
Forventet regulering av folketrygdens grunnbeløp (G)	2,25 %	2,30 %
Forventet avkastning på fondsmidler	4,10 %	3,60 %

	2017	2016
Påløpte pensjonsforpliktelser	32 839 951	27 169 150
Pensjonsmidler (til markedsverdi)	-27 988 568	-22 756 076
Periodisert arbeidsgiveravgift	514 247	467 786
Ikke resultatført virkning av estimatavvik	3 232 100	2 750 661
Netto pensjonsforpliktelse	8 597 730	7 631 521

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 4 488 965. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggende sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.


Fråsegn om andre lovmessige krav*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 9. april 2018
Deloitte AS



Leif Kølles
statsautorisert revisor



Rehabiliteringssenter



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • www.rkhr.no